

Tanum menighetsråd 2020

Referat

Møtested:	Tanum kyrkje
Møtedato:	Onsdag 10.06.2020
Tid:	Kl. 18.00 – 20.10
Sakliste nr:	3b / 2020

Tilstades: Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Ragni Haga, Elisabet Romøren, Berit Moe, Kari Espelid, Sissel Erene Tindeland.

Forfall: Marit Elisabeth Kobro, Odd Steinar Bjørneby, Sven Marius Utklev Gjeruldsen-Halle.

Sak 20 / 2020: Godkjenningar

- Utsendt innkalling / sakliste datert 03.06.2020 med ny sak 28/2020 Partnermenighet i Laget og to saker under 29/2020 Eventuelt.
- Referat frå møtet 26.02.2020. Underskrifter referatet: Sissel og Asle.

Vedtak: Innkalling / sakliste og referat godkjennest.

Sak 21 / 2020: Statusrunde på koronatida

Litt om korleis kvar enkelt har hatt det. Med unntak av saker og ting og planar ein ikkje fekk gjennomført pga koronanedstenginga, hadde alle kome vel gjennom våren så langt og fleire hadde opplevd det som eit velkome frikvarter frå den daglege «tralten» der ein fekk tid til andre gjeremål. Men alle syntest det er fint at livet normaliserast smått om send, ikkje minst gudstenestelivet.

Sak 22 / 2020: Meldingar / referat- og info.-saker

- Referat frå felles AU-møte 11.03.2020. Sjå vedlegg.
- NMS – årsoppgåve, mm 2019 (Kr 19.756,10 i gåver)
- Bibelgaven, - kr 4.017,25 mottatt 26.02.2020
- Digital fasteaksjon til Kirkens Nødhjelp. *fasteksjonen.no* opplyser at det kom inn kr 19.587 i Tanum menighet, ein nedgang frå 2019 med konfirmantane som bøsseberarar (27.718) på 29 %.
- Såmannen nr 2 kjem ikkje ut 1. halvår 2020 pga koronanedstenginga

Vedtak: Vi tek meldingar, referat- og info.-saker til orientering

Sak 23 / 2020: Årsmøtet 2020, - evaluering

Det visest til:

- Årsmelding 2019 (førebuingar)
- Gjennomføringa av årsmøtet
- Forslag til referat, sjå vedlegg

Vedtak: Referatet frå årsmøtet godkjennest.

Sak 24 / 2020: Gudstenesteliste Brunlanes og Stavern hausten 2020

Vedtak: Framlagt gudstjenesteliste vedtas. Ut fra den usikre situasjonen vi er oppe i gis sognepresten, i samarbeid med staben, fullmakt til å gjøre nødvendige endringer i lista. Menighetsrådet ønsker at familiegudstjenester prioriteres hvis mulig.

Sak 25 / 2020: «Året 2020 – Et innblikk i kateketens verden»

Utsendt vedlegg fra kateket Bente Engen Andersen.

Vedtak: MR er svært positive til oversikten over virksomheten framover og gir full støtte til dette opplegget.

Kateketens arbeidsområder og virksomhet må hele veien harmoneres med retningslinjene som gjelder for DNK og øvrige deler av Larvik prosti.

MR sikter mot å komme tilbake til normal virksomhet så raskt som forholdene tillater det, også for kateketens virksomhetsområde.

P.g.a. økt arbeidspres i forbindelse med konfirmantarbeidet, er det ikke sikkert at det er mulig å gjennomføre alle tiltakene som er planlagt høsten 2020.

Sak 26/2020 Økonomi

Vedtak: Kasserers orientering om den økonomiske situasjonen ut fra 1. tertialrapport tas til etterretning.

Kasserer bes legge fram et forslag til justert budsjett til neste MR-møte (26.08.)

27/2020 Møteplan hausten 2020

AU, onsdagar	MR, onsdagar
19.08.	26.08
16.09.	23.09.
14.10.	21.10.
11.11.	18.11.
02.12	09.12.

Vedtak: Vi vedtek den foreslåtte møteplanen

Sak 28/2020 Partnarmenighet i Laget (NKSS-Norges kristelige student-og skoleungdomslag)

Brev frå Laget datert 25.05.2020. Der utfordrast Tanum menighet til å bli partnar-menighet; - forplikta på å be for skulane/studentane, samt ein kollekt pr år.

Vedtak: Tanum menighet inngår avtale med Laget om å stå som partnarmenighet.

Sak 29/2020 Eventuelt

- Jan Einarsen sluttar som kyrkjevert. Takk til han for tenesta!
- Jan Hansen ynskjest velkomen som ny kyrkjevert.
- Bygginga av det nye orgelet blir litt forsinka pga koronasituasjonen i Nederland, kan muligens bli ferdig våren 2021.